



Saksprotokoll

Organ: **Hovudutval for næring og kultur**

Møtedato: 21.11.2017

Sak nr.: 17/8675-2
Internt I.nr. 44093/17

Sak: 63/17

Tittel: **Innspel til jordbruksforhandlingane 2018**

Behandling:

Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:

Fylkesrådmannen rår hovudutvalet for næring og kultur til å gje slik tilråding:

Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune sitt hovudinnspel til jordbruksforhandlingane 2018 er at jordbruksoppgjeret må stimulere til jamm, stor og berekraftig verdiskaping i landbruket, som igjen fører til fleire arbeidsplassar i fylket. Gardsbruka i Sogn og Fjordane, og landet elles, må bli tryggare og meir attraktive som arbeids- og buplassar.
2. Konkrete innspel til jordbruksforhandlingane:
 - a. Det må leggjast til rette for betre økonomi på mindre og mellomstore einingar.
 - b. Det trengst verkemiddel og betre ordningar for å skape balanse mellom tilbod (produksjon) og etterspørsel (marknad).
 - c. Det er trong for større handlingsrom for regional forvaltning av IBU-midlane (investering og bedriftsutvikling)
 - d. Det er trong for verkemiddel for å stimulera til meir beiting i utmark.
 - e. Driftstilskot og husdyrtilskot bør prioriterast for dei første produksjonseiningane, som t.d. dei fyriste 16 kyrne, dei fyriste 100 sauene mv.
 - f. Det er bruk for tiltak for å redusere produksjonspresset i sauenværinga
 - g. Det er bruk for verkemiddel for å styrke økonomien i ammeku-produksjonen for buskap opp til 20 ammekyr
 - h. Taket på investeringsstøtta bør hevast til 2,5 mill.kr og maksimal støttesats bør hevast til 40% for å stimulere til fornying av 15-30 kyrs fjøs.
 - i. Det er trong for auka tilskot til grøfting, og at det vert same reglar for tilskot til grøfting som for tilskot til andre investeringar (35% av godkjende kostnader).
 - j. Investeringsmidlane til Innovasjon Norge og tilskot til grøfting bør i større grad rettast inn mot utslepp av klimagassar.
 - k. Det er trong for styrka jordvern og matberedskap, som også inkluderer å halda areal i drift.
 - l. Det er trong for ekstra stimuli for å få økologisk frukt fram til marknaden.
3. Fylkeskommunen viser elles til innspela frå organisasjonane og Fylkesmannen.

Endringsframlegg:

Aleksander Øren Heen, Sp, sette fram slikt framlegg til eit nytt punkt f i staden for punkt f i tilrådinga:

Overproduksjon av sauekjøt er ei utfordring, og ein må vri deler av lammetilskotet over på utmarksbeitetilskot. Dette vil styrke sauehaldet i dei områda ein nyttar utmarksbeite, noko sauken er suveren på, og det vil truleg vere med på å redusere overproduksjonen.

Høgre og Framstegspartiet sette fram slikt framlegg til eit nytt punkt 2 a:

Organisasjonane i landbruket må sjølv gjøre dei endringane som er nødvendige for at landbruket blir best mogeleg rusta for å imøtekommne god verdiskaping i markedet.

Forslag om å stryke 2b og I da desse verkemidlane allereie er tilgjengelege. Fjerne t.d. i punkt 2 e.

Avrøyting:

Det vart røysta punktvis.

1. Samrøystes vedteke.
2. a. Framlegg frå H og Frp fekk 3 røyster og fall. Tilrådinga frå fylkesrådmannen fekk 5 røyster (Sp, Ap, KrF og SV)og vart dermed vedteke.
b. Framlegg frå H og Frp fekk 3 røyster og fall. Tilrådinga frå fylkesrådmannen fekk 5 røyster (Sp, Ap, KrF og SV)og vart dermed vedteke.
c. Samrøystes vedteke.
d. Framlegg frå H og Frp fekk 3 røyster og fall. Tilrådinga frå fylkesrådmannen fekk 5 røyster (Sp, Ap, KrF og SV)og vart dermed vedteke.
e. Framlegg frå H og Frp fekk 3 røyster og fall. Tilrådinga frå fylkesrådmannen fekk 5 røyster (Sp, Ap, KrF og SV)og vart dermed vedteke.
f. Framlegg frå Heen til eit nytt punkt f vart samrøystes vedteke.
g. Samrøystes vedteke.
h. Samrøystes vedteke.
i. Samrøystes vedteke.
j. Tilrådinga frå fylkesrådmannen vart samrøystes vedteke å ta ut.
k. Samrøystes vedteke.
l. Framlegg frå H og Frp fekk 3 røyster og fall. Tilrådinga frå fylkesrådmannen fekk 5 røyster (Sp, Ap, KrF og SV)og vart dermed vedteke.
3. Samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune sitt hovudinnspel til jordbruksforhandlingane 2018 er at jordbruksoppgjeren må stimulere til jamn, stor og berekraftig verdiskaping i landbruket, som igjen fører til fleire arbeidsplassar i fylket. Gardsbruka i Sogn og Fjordane, og landet elles, må bli tryggare og meir attraktive som arbeids- og buplassar.
2. Konkrete innspeil til jordbruksforhandlingane:
 - a. Det må leggjast til rette for betre økonomi på mindre og mellomstore einingar.
 - b. Det trengst verkemiddel og betre ordningar for å skape balanse mellom tilbod (produksjon) og etterspørsel (marknad).
 - c. Det er trong for større handlingsrom for regional forvaltning av IBU-midlane (investering og bedriftsutvikling).
 - d. Det er trong for verkemiddel for å stimulera til meir beiting i utmark.
 - e. Driftstilskot og husdyrtilskot bør prioriterast for dei første produksjonseiningane, som t.d. dei første 16 kyrne, dei første 100 sauene mv.
 - f. Overproduksjon av sauekjøt er ei utfordring, og ein må vri deler av lammetilskotet over på utmarksbeitetilskot. Dette vil styrke sauehaldet i dei områda ein nyttar utmarksbeite, noko sauken er suveren på, og det vil truleg vere med på å redusere overproduksjonen.

- g. Det er bruk for verkemiddel for å styrke økonomien i ammeku-produksjonen for buskap opp til 20 ammekyr.
 - h. Taket på investeringsstøtta bør hevast til 2,5 mill.kr og maksimal støttesats bør hevast til 40% for å stimulere til fornying av 15-30 kyrs fjøs.
 - i. Det er trøng for auka tilskot til grøfting, og at det vert same reglar for tilskot til grøfting som for tilskot til andre investeringar (35% av godkjende kostnader).
 - j. Det er trøng for styrka jordvern og matberedskap, som også inkluderer å halda areal i drift.
 - k. Det er trøng for ekstra stimuli for å få økologisk frukt fram til marknaden.
3. Fylkeskommunen viser elles til innspela frå organisasjonane og Fylkesmannen.